Naturvernforbundet

Uttalelse vedtatt på Naturvernforbundets landsmøte 8.11.2026

Forbod mot markberedning med store maskinar etter hogst

Markberedning etter hogst er i ferd med å bre om seg som metode for å få ny skog til å vekse opp etter ein flathogst. Stubbar frå hogde tre og det øverste humuslaget i skogbotnen vert gravd opp, noko som har negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet i jorda. Oppgravingen skader soppvevet, mykorrhizaen og annet mikroliv i jorda. Små og store dyr mister levestadar.

Når humuslaget vert harva opp, fører det til at næringsstoffa og tungmetallar vert frigjort, og dei vil lettare kunne renne ut i og forureine vassdraga. Slik avrenning skaper økologisk ubalanse ved at algeveksten aukar og kan gje dårleg forhold for fisk og andre vatnlevende dyr, både i vassdrag og i fjorden nedstraums. Mange vassforekomstar i Noreg har ein så dårlig miljøtilstand at ytterlegare avrenning etter markberedninga er svært uheldig.

Nedbrytinga av organisk materiale fører også til auka utslepp av klimagassen CO_2. Gamle dyretråkk vert rive sund, og det same gjeld stigar som folk ferdast på.

Naturvernforbundet meiner difor at det må innførast forbod mot markberedning med store maskinar etter hogst.